

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.02.2025

Driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne i Vestland. Fordeling 2025

Forslag til vedtak

- Vestland fylkeskommune gjer tilsegn om kr 2 049 801 i driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne for 2025 med følgjande fordeling:

	Søkjjar	Omsøkt 2025	Løyving 2024	Framlegg 2025
1	Stiftinga Hesthamar Skrivargard	145 000	122 217	130 000
2	Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avdeling	250 000	75 000	100 000
3	Norsk Jernbaneklubb, Gamle Vossebanen	750 000	290 000	309 801
4	Stiftelsen Lenken	810 000	230 000	250 000
5	Nord-og Midhordland Sogelag	55 000	50 000	50 000
6	Stiftinga Otternes Bygdetun	200 000	0	50 000
7	Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling	350 000	250 000	260 000
8	Stiftelsen Fjelberg Prestegard	228 000	190 000	210 000
9	Stiftinga Ormelid	92 000	25 000	50 000
10	Stiftelsen William H Singer Jr' s og Anna Brugh Singers Minde	510 000	350 000	370 000
11	Stiftelsen til ivaretagelse av Fridtjof Sundts Kjaglebane og Musikkhall	60 000	40 000	40 000
12	Kaupanger hovedgård	150 000	40 000	40 000
14	Bullahuset (Bulla-eigendomen)	693 812	185 000	190 000
	SUM	5 360 892	1 847 217	2 049 801

2. Vestland fylkeskommune gjev avslag på følgjande søknader:

	Namn på søkjar	Grunngjeving
13	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Strakstiltak og konsulentkostnader fell utanfor innretting og kriteria til denne tilskotsordninga ved at dei ikkje kan verte definert som drift. Søknaden vert tilrådd avslag.
15	Urnes verdsarvsenter, Fortidsminneforeninga	For å løyse ut statleg medfinansiering til drift av Urnes verdsarvsenter er det for 2025 sett av 337 600 kr i sektorbudsjettet til Kultur og folkehelse, jf. PS 4/2025. Dette er ei styrking på 0,2 mill. kr samanlikna med 2024. Søknaden vert tilrådd avslag over ordninga her.
16	Nestunet	Nestunet er eit veldrive kulturmiljø, og eigaren gjer ein stor innsats. Anlegget er tildelt Olavsrosa for nokre år sidan. Slik søknaden er skriven, er det søkt midlar til restaureringsarbeid/maling, og ikkje til å avbøte kostnader med drifta. Søknaden fell med det utanfor innrettinga og kriteria for denne ordninga, og vert tilrådd avslag.

Samandrag

Tilskotsordninga har som føremål å stimulere til auka frivillig aktivitet for å ta vare på faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi. Tal på søknader for 2025 og søkesummar viser at ordninga er godt kjent og at det er stort behov for driftsretta tilskotsordningar innan kulturminnevernet. For kulturminnevernet utgjør gode driftsorganisasjonar nøklar til god forvaltning, kvalitativt vedlikehald, formidling av kulturverdiar og lokal verdiskaping på kulturarven. Direktøren viser til vurderingane i saka og rår hovudutvalet til å fordele driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne 2025 i tråd med innstilling.

Per Morten Ekerhovd
direktør
Kultur og folkehelse (KFO)

David J. Sandved
seksjonsleiar
KFO - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

- Driftstilskot til Nasjonale og regionale kulturminne I Vestland. Innretting og kriteria
- Sluttevaluering 2025
- Søknader

Saksutgreiing

Føremål med tilskotsordninga

Driftstilskotet har som føremål å stimulere til auka frivillig aktivitet for å ta vare på faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi og at desse kulturminneressursane vert overførte til komande generasjonar:

- Driftstilskotet skal bidra til at kulturmiljøa er i bruk, noko som igjen fører til at kulturarven vår vert vedlikehalden og har ei stabil høg teknisk tilstandsgrad.
- Stimulere til at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Legge til rette for at ulike brukargrupper og ålmenta får ta del i vår felles kulturarv.

Innretting og kriterium

Ordninga er meint å vere til for verksemder (foreiningar, stiftingar osv.) eller eigarar som driv kulturminne av nasjonal eller regional verdi. Ordninga skil seg dermed frå andre tilskotsordningar innan kulturmiljøfeltet som har fokus på restaurering og fysisk vedlikehald.

Det er ein viktig grensedraging mellom kva som meinast med drift, og andre tiltak:

Med drift vert meint det å halde i gang ein organisasjon, ein institusjon eller liknande. Drifta skal bidra til at allmenta kan delta i opplevingar og bruk av kulturminne samt bidra til vedlikehald og skjøtsel av dei.

Tiltak retta mot t.d. utvidingar og/eller endring av eksisterande verksemd, investeringar, marknadsføring, utviklings – eller utbetningsprosjekt av kulturminne, kan ikkje få tilskot gjennom denne ordninga.

Vidare har ordninga tilleggskriteria:

Driftstilskotet sin storleik vert vurdert heilskapleg ut frå fylgjande moment:

- Eigarskap til kulturminne, kompleksitet og storleik på kulturminne
- Organiseringa av vedlikehald og kostnadene med dette
- Drift av brannvarsling og sløkkeanlegg
- Finansiering av forsikring
- Organisering av kurs og kompetansebygging med tradisjonelle handverksteknikkar
- Formidling og i kva grad aktivitetane kjem ålmenta til gode

For budsjettåret 2025, har ordninga vert styrkt med kr. 202 584 , frå kr 1 847 217 i 2024 til kr. 2 049 801 i 2025.

Budsjett 2025	2 049 801
Søknadsfrist	1. november
Vedteken innretting	KULII 04.06.2022, PS 91/2020
Informasjon om ordninga	https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/driftstilskot-til-regionale-og-nasjonale-kulturminne-i-vestland/

Tal søknader	16
Tal på søknader som er tilrådde	13
Samla søknadssum	5 110 892
Tilrådd fordeling	2 049 801

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vedtaksmynde i saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3, Saker der utvalet har avgjerdsmynde: Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Medverknad

Dei organisasjonane som er tilrådd tilsegn, bidreg alle til å dra inn frivillige på ulike måtar og opnar opp viktige kulturmiljø for besøkande. Dei er positive i lokal samskaping og utvikling, gjennom eigne aktivitetar, men også i samspel med lokalt reiseliv. For kulturminnevernet utgjør gode driftsorganisasjonar nøklar til god forvaltning, kvalitativt vedlikehald, formidling av kulturverdiar og lokal verdiskaping på kulturarven.

Vurderingar og verknader

I prioritering av søknader for tildeling, har direktøren lagt særleg vekt på storleik og kompleksitet i kulturmiljøa, omfang og kostnader med vedlikehald og drift, samt ønske om at ulike brukargrupper skal få mogelegheit til å oppleve kulturmiljøa. I tillegg har direktøren etterstreva å tilgodesjå mangfaldet og det store engasjementet stiftingar og organisasjonar legg ned i arbeidet med å ta vare på kulturarven i fylket vårt.

Direktøren har vektlagt at søkjarar som har fått driftstilskot tidlegare over fleire år, og med det innarbeidd fylkeskommunalt driftstilskot i deira budsjett og planleggingsarbeid, framleis skal prioriterast for tildeling. Det er forventningar til auke i driftstilskotet frå desse søkjarane.

Når det gjeld søkesummane, er det generelle inntrykket at søkjarane no har tilpassa seg eit meir realistisk nivå.

Søkjaren Stiftelsen Lenken/Espeland fangeleir og Gestapohuset og søkjaren Norsk Jernbaneklubb/Gamle Vossebanen har søknader på 810 000 og 750 000 kroner. Sjølv om det ikkje har vore mogleg å imøtekomme desse i storleik som omsøkt, har den økonomiske ramma i 2025 gjort det mogleg å trekke opp tilrådd tilsegn noko samanlikna med 2024. Direktøren tilrår også at Stiftinga Hesthamar Skrivargard og Stiftelsen Fjelberg Prestegard får ei auke for 2025. Det same gjeld for Stiftelsen William H Singer jr' s og Anna Brugh Singers Minde, Ormelid og for Bullahuset (Ole Bulls heim i Valestrand). Også for dei to avdelingane i Fortidsminneforeninga, tilrår direktøren ei mindre auke.

Nord – og Midhordland sogelag, Stiftelsen til ivaretagelse av Fridtjof Sundts Kjeglebane og Musikkhall og Kaupanger Hovedgård er tilrådd same tilsegnnivå for 2025, som i 2024.

Etter å ha vore borte som søkjar i nokre år, har Stiftinga Otternes Bygdetun søkt for 2025. Jamvel om Stiftinga har vore verksam sidan 2012, var det først i 2024 at Stiftinga formelt fekk eigarskapet til egedomen. Dette utløyser driftskostnader, og Otternes vert tilrådd 50 000 kroner i tilsegn for 2025.

Søknadane frå Stiftelsen Bymuseet og Nes gard ligg utanfor ordninga sine kriteriar og innretting, og direktøren tilrår difor avslag. Søknaden frå Fortidsminneforeninga sentralt til Urnes verdsarvsenter

vert tilrådd avslag over ordninga her, då det er tildelt øyremerkt tilskot over sektorbudsjettet for Kultur og folkehelse i 2025 på 337 360 kroner til dette tiltaket, jf. PS 4/2025.

Administrative/økonomiske konsekvensar

Økonomi: Storleiken på tilskotsordninga i 2025 er budsjettert til 2 049 801 kroner.

Klima: Aktiv bruk av kulturminne er gjenbruk av ressursar som bidreg positivt i klimarekneskapen.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 – fleire gode levekår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tilskotsordninga er eit sentralt verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional plan for kultur 2023 - 2035 «Kultur bygger samfunn og er i tråd med Utviklingsplan for Vestland: Strategi 2.2: Forvalte landskap og kulturverdiar og Strategi 3.1: Utvikle stadeigne ressursar og kvalitetar.

Konklusjon

Direktøren viser til vurderingane over og rår hovudutvalet til å fordele driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne 2025 i tråd med innstilling.